

Den Grøne Tråden – Energileiing i Vågå Kommune - vedlegg til tiltakdel til klima, energi og miljøplan

Energipolitikk – Visjon

"VÅGÅ - Ei klimanøytral kommune i Nasjonalparkrike"

Målsettingar for energiarbeidet

- Vågå kommune skal vera ei nyskapande og energieffektiv kommune som nyttar mest mogleg fornybar energi. Vi skal innføre system som reduserer energibruk der dette er mogleg.
- Vågå kommune skal gjennom si drift og investeringar ha ei synleg prioritering av enøk-arbeid og vera ein motivator for sine tilsette og kommunen elles.
- Vågå kommune skal knyte flest mogleg bygg til biovarmeanlegget, og utvikle dette vidare.
- Vågå kommune skal ved utlysing av konkurransar nytte kriteria for miljøvenleg gjennomføring og livsløp.
- Vågå kommune skal sette årlege mål for reduserte klimagassutslepp og energibruk. Redusert straumforbruk med 15 % innan 2025 og 30 % innan 2023
- Vågå kommune skal skifte ut fossil bilpark med elektrisk bilpark der det er mogleg.
- Vågå kommune skal nytte moderne teknologi der dette gjev positive miljøeffektar. Til dømes digitale møter.
- Vågå kommune skal tenke gjenbruk på alle prosjekt, og nytte bygg på nytt der det er mogleg.

Organisering

I oppstartsfasen er følgjande deltakarar med i energileiargruppa:

Anders Tessnes – teknisk byggleiar
Kåre Frydenlund – ingeniør kommunal eigedom
Egil Kveen – leder vedlikehald
Steinar Løkken – prosjektleiar

Det kan bli endringar undervegs og vi skal også jobbe for å gjere arbeidet kjent i organisasjonen. Fleire vil difor bli involvert etter behov.

Plan for oppfølgingsaktiviteter og rutinar for rapportering


- På måndagsmøte med driftspersonale er dette fast punkt på agenda. Viktig å involvere alle slik at evt. avvik blir fort fanga opp, og alle får eit forhold til arbeidet.
- Møter i energiteamet 1 gong i månaden
- Rapportering: Rapportering til leiar innan (10.) etter avslutta kvartal.

Vågå kommune nyttar *Compilo* som system for avvikshandtering. Dette systemet vil bli nytta for handtering av avvik relatert til energi.

For avdekking av avvik vil ein nytte EOS-Energinet og SD-anlegget.

Det er også andre system som er i bruk i forskjellig avdelingar


Energileiargruppa sin plass i organisasjonen



Kartlegging av energibruk

Vågå kommune nytter Energinet, som web-basert Energioppfølgingsystem.

I dette inngår automatisk rapportering av måleverdiar frå elektriske målarar på utvalde bygg. Vi er også i ein prosess der vi skal skifte ut målarar på biovarmen på alle bygg, slik at vi får detaljerte måledata ned til timesverdi på både straum og bioenergi. Dette vil gje moglegheit for å avdekke feil/avvik, og vi kan betre dokumentere verknad av energisparande tiltak. Per i dag er avlesing manuell ein gong i månaden. Under er eit døme på energibruken på Vågå kommunehus i 2020 henta frå Energinet.



Energiforbruk fordelt på energikjelder der raudt er biovarme og grønt er straum.

Kostnader knytt til energibruk

Vågå kommune forhandlar pris på straum for eit år om gongen. Forhandlingar er til vanleg gjennomført og ferdige i desember kvart år. Forhandling om pris på varme fra Bioanlegget er basert på eit ein fast pris og en pris pr kwh. Avtala blir reforhandla kvart 4. år og indeksregulert.

Energi pris i øre/kWh inkl. alle ledd for alle energikjelder

EL – 1 Kr/kWh

BIO 78 øre/kWh

Energistyring og nøkkeltal

Identifiserte nøkkeltal for energibruk

Identifiserte nøkkeltall for energibruk

Bygg	Nåsituasjon		Ambisjon	
	2021 Energi- EL kW/m2		Diff. (%) kWh/m2	2023 Energi-EL Mål kWh/m2
Vågå Kulturhus og idrettshall		121,51	10,00	109,36
Lalm skule og barnehage		201,49	10,00	181,34
Vågåmo skule		51,77	10,00	46,59
Helsesenter Moavegen 20		77,30	10,00	69,57
Vågåheimen m/frivilligsentral		140,35	10,00	126,32
Finntunet		169,22	10,00	152,30
Vågå Kommunehus		76,47	10,00	68,82
Søre Grindstugu Barnehage		103,75	10,00	93,37

Evaluering

Plan for evaluering av arbeidet:

Vågå kommune skal gjennomføre leinga sin gjennomgang med årsrapport medio mars i kvart kalenderår.

Her skal ein gå gjennom:

- Status for tiltak frå tidlegare gjennomgangar
- Målsetting /delmål
- Resultat av overvaking/måling
- Avdekte avvik og korrigerande tiltak
- Status handlingsplan og måloppnåing
- Moglegheiter for kontinuerleg forbetring (t.d. opplæring driftspersonell)

Rapporteringspunkt til øvste leing

- Reduksjon el forbruk «**kWh/m2**»
- Konvert EL til BIO «**kWh**»

Energileiingsdokumentet skal være eit levande dokument som endrar seg etter behov, alle som har innspel kan berre seie frå.